

Arkivkode: Hovud- 012.260

Dato: 13.12.07

Samarbeidsavtale mellom Stiftinga Museum Vest, BC Stiftinga Fjell festning og Fjell kommune

Utført: Kope: BC

§ 1. Føremål

Denne avtalen regulerer partane sitt samarbeid om museumsverksemda ved Fjell festning. Til grunn for samarbeidsavtalen ligg vedtekter for Stiftinga Museum Vest frå september 2004, intensjonsavtale for ei konsolidering av museumsdrifta i Museum Vest frå januar same år, vedtekter for Stiftinga Fjell festning av 18.06.07 og kommunestyresak 114/06 av 23.11.06.

Frå 01.01.08 får Stiftinga Museum Vest det fulle ansvaret for dagleg drift av museumsverksemda ved Fjell festning dvs. økonomi (løn, reinhald, varme m.v.) tilsett(e), formidling og forskning, bruk av samlingar, bygningar og anlegg. Museumsdrifta femner om festningsverk (hovudanlegg og nærforsvarsanlegg), kanonbrønn-overbygget og toalettbygget. Frå 01.01.08 er Stiftinga Museum Vest ansvarleg for alle dei nemnde driftskostnadene. Fjell kommune er frå same dato ansvarleg for å setja Museum Vest i økonomisk stand til å ivareta dette ansvaret ved å yta eit årleg tilskot. Stiftinga Museum Vest skal frå same dato disponera over andre, ordinære driftsinntekter og tilskot om ikkje anna vert særskild avtalt. Slike inntekter skal nyttast til museumsverksemda ved Fjell festning eller til krigshistorisk arbeid i regionen.

Stiftinga Museum Vest skal arbeide ut frå dei føringane som ligg i den til ei kvar tid gjeldande museumsplan for Hordaland, og ta del i nasjonale nettverk.

§ 2. Stiftinga Museum Vest – ansvar og mynde

Frå overtakingsdato skal museumsverksemda ved Fjell festning drivast som ei avdeling av Stiftinga Museum Vest, likestilt med dei andre avdelingane.

Alle avgjersler som høyrer til drifta, både administrativt og økonomisk, ligg formelt under styret i Stiftinga Museum Vest. Unnataket frå denne hovudregelen om driftsansvar er at Museum Vest ikkje har ansvar for vedlikehaldet. Det ansvaret ligg til Stiftinga Fjell festning.





Med tilvising til at Museum Vest har ansvaret for den faglege og økonomiske drifta medan Stiftinga Fjell festning har ansvaret for vedlikehald, opprusting og utvikling av festningsanlegget, vil partane syta for eit tett samarbeid i alt utviklingsarbeid.

Stiftinga Museum Vest har ansvar for å følgje opp denne avtalen og dei dokumenta som ligg til grunn for avtalen. Stiftinga skal også kunna ta del i utviklinga av ny, framtidig museumsaktivitet i området.

Arbeidstakar(ar) ved museumsverksemda Fjell festning vert tilsett(e) i Stiftinga Museum Vest, som dermed har arbeidsgjevaransvaret.

Tilsett(e) sitt arbeid skal vera knytt til Fjell festning, men ein deltek også i arbeid/oppdrag ved dei andre musea etter vedtekne arbeidsplanar.

Tilsetjing, permisjon og oppseiing av fast tilsett(e) skal gjerast av Stiftinga Museum Vest. Avdelingsleiar ved det gjeldande museet har uttalerett ved tilsetjingar i eigen avdeling. Avdelingsleiar/dagleg leiar ved Fjell festning vert tilsett av både styret for Stiftinga Museum Vest og styret for Stiftinga Fjell festning etter ein felles tilsetjingsprosess i samsvar med vedtektene for dei to stiftingane.

For å fremja profesjonelt og museumsetisk arbeid, skal det utarbeidast rutinar for regelbundne samlingar for personalet i Stiftinga Museum Vest.

Fjell kommune gjev eit øyremerkt tilskot til Stiftinga Museum Vest til drifta av museumsverksemda ved Fjell festning. Driftsstønad frå andre offentlege organ skal som hovudregel gå til Stiftinga Museum Vest, men løyvande styresmakter kan også øyremerka driftstilskot til museumsverksemda ved Fjell festning. Stiftinga Museum Vest står inne for at øyremerkede midlar og eigeninntekt faktisk vert brukte til drifta av museumsverksemda ved Fjell festning.

Stiftinga Museum Vest skal syta føre at museumsverksemda ved Fjell festning, til liks med dei andre avdelingane, får tilført ressursar i samsvar med dei ansvarsområda ein har og vert tillagt, både geografisk og fagleg. Reduksjon i øyremerkede driftstilskot og tenester frå faste tilskotsytarar (kommune, fylke) vil føre til reduksjon i driftsnivået ved den aktuelle avdelinga. Fonds og gåver skal disponerast i medhald av gjevar sine ønskjemål.

Utarbeiding av budsjett, rekneskap og planar følgjer vanlege rutinar for stiftinga Museum Vest og desse skal sikra dialog mellom partane. Direktøren ved stiftinga Museum Vest har møte – og talerett i stiftinga Fjell festning.

Sekretærfunksjonen for styret i stiftinga Fjell festning skal utførast av Stiftinga Museum Vest, jfr. §3 i vedtektene.

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Besøksadresse:
Rådhuset

Telefon: 56 32 64 00
Telefaks: 56 32 65 00
www.fjell.kommune.no

Bankgiro: 6516 05 05200
Postgiro: 0805 5786306
Postgiro for skatt og avgift: 0827 5812464

§ 3. Stiftinga Fjell festning - ansvar og mynde

Eigedomsretten til bygningar, anlegg, vegar, parkeringsanlegg og eventuelle samlingar skal liggja til Stiftinga Fjell festning, som også vert eigar av framtidig tilvekst dersom ikkje anna vert avtalt.

Stiftinga Fjell festning har ansvaret for vedlikehald, opprusting og utvikling av festningsverka, jfr §2. Planlegging og gjennomføring skal gjerast i dialog med stiftinga Museum Vest som må samtykkja i tiltak med verknad for museumsdrifta før dei vert gjennomførte.

Stiftinga Fjell festning skal saman med kommunen, Stiftinga Museum Vest og andre aktørar leggja til rettes for friluftsliv, kulturtilskipingar og anna høvelege aktivitet i området.

§4 Fjell kommune – ansvar

Fjell kommune har ansvar for å yta eit årleg tilskot til drifta. Heilårsverknaden av dette tilskotet er kalkulert til kr. 800.000. Dette sikrar dekning av løn til ein fagperson og andre driftsutgifter. Løyvinga i oppstartåret 2008 vert litt mindre. For seinare år vert tilskotet å fastsetja gjennom vanlege budsjettprosessar.


§ 5. Iverksetjing / Oppseiing


Ved oppseiing er utløpsdato for avtalen alltid 31. desember. Skriftleg oppseiing må vera den andre parten i hende seinast 01. oktober året før utløpsåret.

Fordeling av ressursar og personale skjer i samsvar med pro et contra oppgjer ved oppseiingsdato.

Straume, den 2007


.....
For Stiftinga Museum Vest


.....
For stiftinga Fjell festning


.....
For Fjell kommune